

**Fra:** Leif Johnsen <ljholme@online.no>  
**Sendt:** tirsdag 15. juni 2021 23:24  
**Til:** Postmottak Alver  
**Emne:** Grunnlagt spørsmål om manglende svar på innpost

## **Til Ordføreren Alver kommune.**

### **Grunnlagt spørsmål om manglende svar frå Alver kommune.**

#### Bakgrunn.

I vinter gjorde Mjåtveitelevens forening eit gledeleg og sensasjonelt funn av 120 levande elvemuslingar i Mjåtveitelva, første registrering av levande muslingar sidan 2009. Sidan då har Statsforvaltaren kalla stammen i Mjåtveitelva for "utdødd" og "ikkje levedyktig". Funnet av dei 120 levande muslingane hadde innslag av muslingar i ulike alder, noko som tyder på at stammen reproducerer seg.

Stammen har overlevd fleire alvorlege episodar av utslepp dei siste åra frå Mjåtveit Næringspark. Dette kan ein takke eit system av reinsedammar for, og at Meland kommune stoppa eit par ulovlege tiltak etter varsling frå Mjåtveitelevens forening. Brot på vedtekne vernevilkår har skjedd også i vår, ein gong stoppa av avdeling for Miljø og tilsyn i Alver kommune, dei seinaste varsla av Mjåtveitelevens forening 9. juni.

Reinsedammane er gamle og underdimensjonerte, og evna deira til å fange opp forureining blir gradvis redusert, grunna skader og jamnt påfyll av slam gjennom mange år. Dei treng sterkt til tømning, vedlikehald og oppgradering i takt med den stadig aukande aktivitet i næringsparken og oppstart av ny, stor bustadutbygging kloss i Kloppedalsbekken. Denne bekken er ein særskild viktig biotop for Mjåtveitelva, både for oppvekst av aure og muslinglarvar, og som ei høgrisiko forureiningskjelde til Mjåtveiteleva. Tilstanden i bekken er kritisk avgjerande for den raudlista muslingstammen.

#### To ubesvarte epostar til Alver kommune.

Mjåtveitelevens forening sendte i 24.03.2021 sin første epost for å få eit møte med kommunen om det vidare forvaltingsarbeidet med den nyoppdaga, raudlista muslingstammen, oppgradering av reinsedammane og korleis hindre ny forureining med aukande aktivitet i området. Dei rekna med god dialog og auka innsats etter det gledelege funnet av så mange levande muslingar.

Andre epost med same innhald blei sendt i 20.04.21, no også til Statsforvaltaren. Ingen av epostane har fått svar frå kommune eller statsforvaltar.

Tidleg i juni var undertekna i kontakt med dokumentjenter i Alver og etterlyste desse epostane utan at ein fann fram til dei.

Ein tredje epost frå foreninga blei sendt 09.06.21. og etterlyste svar på dei to første og varsla ny forureining.

#### Spørsmål.

Kva er forklaringa på at epostane 24.03 og 20.04 frå Mjåtveitelevens forening ikkje har fått svar?

Har ikkje Alver kommune rutinar som sikrar at innpost får svar innan fristane Forvaltingslova set?

Helsing  
Leif Johnsen,  
Alver MDG